Det er vår generasjons ansvar å ta vare på dette unike kulturlandskapet som Ytre Stadlandet er – både til havs og på land. Vi må se helheten. Både det UKL området Stadlandet er og verneområdet i havet som foreslått med forbud av taretråling. Et område som vi foreslår utvidet ytterligere østover mot Rivjehornet.

Vi kan ikke i høringsnotatene se at det er noen som stiller spørsmålet ang det vi ikke vet svaret på - ennå. Spørsmål om fremtiden. Dersom taretrålingen fortsetter i samme eller økende grad. Hvordan påvirker det tareskogen på sikt, og det livet/økosystemet er der? De langsiktige uopprettelige skadene vi ikke helt vet om, taler for at taretråling forbys. Vi kan ikke "gamble" med dette sårbare økosystemet.

«I 2001 publiserte *Science* en artikkel med tittelen «Historisk overfiske og kystøkosystemers kollaps». Artikkelen presenterte data som pekte mot at fiskerienes langvarige påvirkning, med stadig økt kapasitet og effektivitet, kunne være hovedårsak til utarming av bestander og kollaps i marine kystøkosystemer over store deler av verden – og at de største endringene hadde funnet sted et godt stykke tilbake i tid.

Arbeidet skapte stor debatt. 20 år senere er det internasjonal konsensus om denne virkelighetsbeskrivelsen. I sin rapport fra 2019 rangerte FNs naturpanel (IPBES) fiskerier som den klart viktigste driveren av redusert biologisk mangfold og slitasje på økosystemer i havet siden 1950-tallet.»

«I noen havområder har fiskeriene høy intensitet og langvarig påvirkning, for eksempel Nordsjøen og Skagerrak. Her baseres blandingsfiskeriet på sterkt reduserte bestander i et økosystem preget av stor slitasje. Følgelig er innsatsen stor for å oppnå lønnsomhet i fisket. Fiskeriene i dette havområdet i dag bruker betydelig mer motorkraft, drivstoff og tid for å lande samme mengde fisk som for 100 år siden.

Nå gjør også økt pådriv fra temperaturøkningen at det haster å kompensere med mer treffsikker forvaltning.»

Dersom det nå - mot all formodning - åpnes for taretråling må det settes svært strenge krav til intervallene for tråling og det må tas hensyn til at stortaren og økosystemet må vokse ut igjen.

Jeg, Kjetil Flister Drange, kom til Selje kommune i 1999, Og har siden bodd i området. Jeg dykker, seiler, padler, fisker og bruker fjellene til turer. Området er unik. Jeg har sammen med min kone Marianne kjøpt to gårdsbruk i Eltvik. Gårdsbruket har tinglyste rettigheter for hjortejakt, laksenot og naustrett. Kulturlandskapet som er i Eltvik Nordvest for moloen i Eltvik forbi Eltvikelva og utover er svært vakkert og helt spesielt utseende. Helt unikt for Stadlandet.

I tillegg ligger her Bygdas eneste sandstrand . Det er innerst i denne bukten, på denne lille stranden nå store mengder tarerester ender. Mange kubikk tykke lag. Noe selvsagt naturlig grunnet været, men taretråling vil medføre ytterligere mengder med tare.

Jeg går ikke nærmere inn på den bølgedempende effekten taren har på sanden på Stranden, men det antas at større bølger på stranden påvirker mengden sand der.

Nå vises det seg også at for fler flere tiår siden var det betydelig mer sand på denne stranden. Det er nærliggende å tro at økt taretrålingen har skylden for dette da tareskogens bølgedempende effekt ikke lengre er tilstede i samme grad.

Vi tenker også det er verdt å nevne at Stadhavet med det foreslalte vernet er et helt unikt område når det gjelder alt liv som ferdes i havnet langs kysten. Alt passerer Stad. Alt må utenom Stad for å vandre sørover og nordover. Dette mener jeg er et særskilt argument for å verne både nord og sør for Stad – og forby all taretråling.

Høringsuttalelse om Stad marine verneområde

Så lenge det har bodd folk i Eltvik har havet vært levebrød. Og havet har vært knytepunkt. Og havet vil for all fremtid være avgjørende for Eltvikbygdas eksistens.

Grunneiere av gårdsbruk har tinglyste rettigheter for bruken av havna og bruk av laksnøter. Det er således ekstra viktig for grunneiere at verneområdet som er foreslått verner mest mulig mot aktivitet som taretråling – som uten tvil er ødeleggjense, eller i beste fall forstyrrende for livet i tareskogen og det økosystemet som der er.


Men utover perspektivet til bygda Eltvik mener jeg det å verne området er viktig for å ivareta det ansvar vi har for kommende generasjoner i hele Norge.

- Som grunneier eller for lokalsamfunnet **er det ikke noe som er positivt** ved taretrålingen. Det er derimot negative konsekvenser som forklart over. Derfor mener jeg det burde være et utvidet verneområde til og med Rivjesundholmene som forklart over.



Kjetil F Drange

Marianne B F Drange



Statsforvalteren i Vestland

**STØTTESKRIV TIL HØRINGSUTTALELSE AV 06.05.22 VED KJETIL OG
MARIANNE FLISTER DRANGE**

Vi er gjort kjent med innholdet i skrivet og tiltrer skrivet. Vi ber om at det etableres verneområde også på nordsiden av Stadlandet som beskrevet i brevet, **med forbud mot taretråling**.

NAVN	ADR	GNR BNR	SIGN	DATO
RITA BORGUNDVIG	BORGUNDVIG 64	228.2 / 230.164	Rita Borgund	7/5-22
ANNE-JEÅ HEIMDAL	Borgvii 464	228.2 / 230.184	Anne-Jeå Heimdal	7/5-22
KINE SOLHEIM	Elthulen 639	231 / 34	Kine Solheim	8/5-22
PER-OLEH HENCKEN	ELTVIK vege	543	Per-Olehen	8.5.22.
JØRGEN FREDRIKSEN	Eltvikvegen 593		Jørgen	8.5.22.
NICOLAI POUSEN	Eltvikvegen 595	595	Nicolai Poulsen	8.5.22
MIRIT SØIJALM	Eltvikvegen 11	11/231	Mirit Søijalm	8/5-22
SIRI REHN	Eltvikvegen 11	11/231	Siri Rehn	8/5-22
MIRAC ELCVIA	— u. 599	1 / 237	Mirac Elcvia	- -
MALVIN SANDVIK	Eltvikveg. 607	23/231	Malvin Sandvik	08.05.22
DAVID HEDLAND	Stavstuvnvegen 40		David Hedland	10.05.22



KYSTVERKET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Deres ref.: Vår ref Arkiv nr Saksbehandler Dato
2022/654-3 Håkon Aamodt 13.04.2022

Uttale til marint vern på Stad - høring av verneframlegget - Stad marine verneområde

Vi viser til deres oversendelse 09.02.2022 vedrørende overnevnte.

Det kommer frem av mottatt informasjon at det er ønske om opprettelse av et nytt marint verneområde på Stad i medhold av § 39 i Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Området på sørsiden av Stad har senere blitt utvidet etter oppstartmeldingen. Kandidatområdet er lokalisert i Stad og Kinn kommune i Vestland fylke.

Det kommer frem at formålet med Stad marine verneområde er å ta vare på et spesielt kystområde med truet, sjeldent og sårbar natur med et rikt dyreliv, og som representerer naturtyper av særskilt naturvitenskaplig verdi. Det er en målsetting å holde verneverdiene uten større grad av ytre påvirkning, og området skal kunne virke som studieområde for forsking og overvåkning.

Kystverket

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensning. Kystverket arbeider for en effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringens behov for fremkommelighet og effektive havner. Kystverket deltar i planmedvirkning og utøver myndighet etter havne- og farvannsloven.

Havne- og farvannsloven (2019) har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Kystverket skal ivareta disse interessenene i det regionale og lokale planarbeidet.


Kystverkets innspill

Kystverket stiller seg positiv til vern av sjøområder ved Stad. Innenfor foreslått verneområde er Kystverket eier og driver av flere navigasjonsinnretninger. Innretningene er etablert for å trygge ferdseilen på sjø, og redusere risikoen for akutt forurensning.


Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket gis rett til ferdsel i forbindelse med nødvendig drift og vedlikehold av navigasjonsinnretninger innenfor verneområder i verneforskriften jf. § 4 bokstav h. Dette er viktig siden vedlikehold er nødvendig for at navigasjonsinnretningene skal gi den sjøsikkerheten de er ment å gi.



Figur 1: Oversikt over sjøtrafikk utenfor Stad perioden 01.01.2019 – 31.12.2019. Kun fartøyer utstyr med AIS kommer frem i utvalget, dermed er deler av småbåttrafikken ikke representert i figuren. Kilde: Kystdatahuset

Det kan oppstå behov for å endre på eksisterende navigasjonsinnretninger eller å etablere nye. Dette kan f.eks. være aktuelt for å oppnå bedre merking, merking av hindringer som ikke tidligere er merket og tilpasning til endringer i standarder for utforming av slike installasjoner. Oppdatert og god merking kan være viktig for å unngå uønskede hendelser, med konsekvenser det kan ha for de naturverdiene som omfattes av verneforslaget.

Etablering av nødvendige navigasjonsinstallasjoner forutsetter dispensasjon etter foreslått verneforskrift § 5 bokstav a. Det er Kystverket som i dag har ansvaret for å vurdere behovet for å etablere nye navigasjonsinnretninger i farvannet, jf. havne- og farvannsloven § 10. For slike tiltak bør det ikke etableres et ekstra forvaltningsnivå, der det tillegger «Forvaltingsstyresmakta» å vurdere om en nødvendig navigasjonsinnretning kan etableres.

Forslaget til verneforskrift § 4 bokstav h bør derfor endres slik at også fjerning, nyetablering og endring av navigasjonsinnretninger er tillatt. Bestemmelsen bør videre endres slik at den gjelder både farvannsskilt og navigasjonsinnretninger. Kystverket mener at nyinstallasjoner og endringer bør kunne tillates da dette kan være med på å redusere


risikoen for uhell i et slikt sårbart område. Om begrepet «navigasjonsinnretninger», Prop. 86 L (2018-2018) til § 10.

Foreslått ordlyd § 4 bokstav h: (Generelle unntak fra vernereglane) Oppføring, fjerning, drift og vedlikehold av navigasjonsinnretninger og farvannsskilt.

Kystverket skal utbygge Stad skipstunnel øst for foreslått verneområde. Dette blir verdens første skipstunnel og tiltaket har som formål å redusere risikoen for skipsulykker, redusere ventetiden for skipsfart og legge til for mer sjøtransport av gods. Realisering av Stad skipstunnel vil gjøre sjøtransporten tryggere, mer effektiv og mer miljøvennlig. Vi vil påpeke at skipstunnelen også vil avlaste skipstrafikken som nå går innenfor det foreslalte verneområdet. Mindre tilstedeværelse av skipstrafikk i kombinasjon med vernet vil kunne virke positivt på naturmangfoldet i området.

Informasjon om farleder, sjøtrafikk, kystinstallasjoner mv. er tilgjengelig og kan lastes ned fra Kystverkets kartverktøy, www.kystinfo.no, www.kystdatahuset.no og www.barentwatch.no.

Kystverket har ingen ytterligere innspill til vernefremlegget.




Figur 2: Oversikt over kandidatområdet som vil utgjøre Stad marine verneområde.

Med hilsen

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Håkon Aamodt
rådgiver



STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref:
Vår ref: 2022/29744
Dato: 13.04.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

OFFENTLEG ETTERSYN AV VERNEFRAMLEGGET - MARINT VERN PÅ STAD

Mattilsynet er ein statleg etat med forvaltingsområda planter, fisk, dyr, mat og drikkevatn. Som høringsinstans har Mattilsynet i oppgåve å medverke til at det blir teke omsyn til nasjonale og regionale interesser innanfor områda:

- drikkevatn
- plantehelse
- fiskehelse/fiskevelferd
- dyrehelse/dyrevelferd

Mattilsynet kan ikkje sjå at det avsette området som det er planlagt marint verneområdet for ved Stad i Stad kommune, som vist i kart merka *Vedlegg 1 a høringskart Stad marine verneområde oversiktskart*, kjem i konflikt med eller har negativ påverknad til dei områda som vi forvaltar og har i oppgåve å medverke til at det blir teke omsyn til.

Vi kan heller ikkje sjå at det avsette området som er planlagt som marint verneområde kjem i konflikt med eksisterande eller avsett område for akvakultur i Stad kommune sin kommuneplan.

Med helsing

Siril Lillebø

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Fra: postmottak@mattilsynet.no[postmottak@mattilsynet.no]

Sendt: 13.04.2022 11:30:48

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: E-post fra Mattilsynet

Saksnr: 2022/29744

Med vennlig hilsen

Siril Lillebø

Mattilsynet

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal

postmottak@mattilsynet.no

www.mattilsynet.no www.matportalen.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2019/12619	09.02.2022	15139/2022/K21	Johnny Loen, 71 28 02 43	08.04.2022

Stad marine verneområde - fråsegn til framlegg om vern

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet.
Fylkestinget er øvste mynde.*

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld eit framlegg om vern av eit sjøareal, hovudsakleg i Stad kommune. Over eit kort strekk, grensar arealet til sjøareal i Sande, og vi ber om at det blir lagt vekt på merknader frå Sande kommune. Vi har elles ikkje vesentlege kommentarar.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Sande kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Fra: post@mrfylke.no[post@mrfylke.no]
Sendt: 11.04.2022 12:05:42
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Epost fra Møre og Romsdal fylkeskommune

Stad marine verneområde - fråsegn til framlegg om vern

Mvh,

Johnny Loen,
johnny.loen@mrfylke.no
Møre og Romsdal fylkeskommune

Høyringssvar for marint vern rundt Stadt

Nordfjord fiskarlag stiller seg positive til det marine fredningsområdet rundt Stadt, så lenge det ikkje går utover bruken av aktive og passive redskaper.

Nordfjord fiskarlag ønsker å understreke viktigeita av å få fredet dette området slik som det framlagt. Som fiskarlaget tidligare har uttalt så er ein variert tareskog eit viktig oppvekstområde for fisk og skalldyr. Det blir no forska på akkurat dette, og innspel frå HI bekrefter at tareskogen er viktig for fisk og skalldyr.

Det finns heller ikkje noko dokumentasjon på kva effekt taretråling har på krabbe og hummer, fiskerane har merka markant nedgang i fiskeriet i tida etter taretråling har funne sted. For så og bli bedre etter kvart som tareskogen veks opp att. Her må ein være føre var, og frede området.

Mvh Nordfjord Fiskarlag

V/ Njål Aarsheim

Fra: Njål[njaalaarsh@hotmail.com]
Sendt: 09.05.2022 17:17:32
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Høyring av Stad marine verneområde

Hei,

Legger ved høyringssvar for Stad marine verneområde frå Nordfjord Fiskarlag.

Mvh Njål Aarsheim

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Vår dato: 20.04.2022

Vår ref.: 201708663-6 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: 2019/12619

Uttalelse på høring av verneframlegget - Marint vern på Stad

Vi viser til høring av verneforslaget for Stad marine verneområde.

- [Lenke til området i NVE Atlas.](#)
- Linja AS (tidligere SFE Nett AS) har områdekonsesjon i området. Vi kan ikke se at Linja AS er blitt inkludert i adresselisten og ber Statsforvalter inkludere de. NVE har som regel informasjon om planer for transmisjons- og regionalnett gjennom Kraftsystemutredningene (KSU). Vi har derimot ikke fullstendig oversikt over alle nettkomponenter og -planer for distribusjonsnett på lavere spenningsnivå og ber Statsforvalter ta kontakt med områdekonsesjonær for å høre om de har noen innspill. Dette er for å unngå konflikter knyttet til eksisterende eller planlagte anlegg i området.
- NVE har i tidligere uttalelse informert om at opprettelse av Stad marine verneområde ikke er i konflikt med kjente vannkraftressurser.
- NVE har tidligere gitt konsesjon til Kvernevik Engineering AS for å bygge og drive et testanlegg for offshore vindkraft av inntil tre flytende vindturbiner utenfor Stad og Kinn kommuner. [Konsesjonssak - NVE](#)

Det er gitt konsesjon for et testanlegg for flytende havvind i området som er gyldig frem til 01.01.2025, noe som også vil behøve sjøkabel for tilknytning. Denne må tas i betraktning under utarbeidelse av verneforskriften. NVE er positive til at verneforskriften åpner opp for vurdering av dispensasjon for legging av kabler og rørledninger, så langt som mulig samlet i korridorer. Videre er vi positive til at bestemmelsene er i tråd med generelle verneregler for marine verneområder. Statsforvalter informerer at det er i framlegget til verneforskrift ikke lagt inn hjemmel til framtidige vindkraftanlegg, og det er ikke kommet innspill i verneprosessen på konkrete planer om vindkraft til havs.

Det stemmer at NVE ikke har mottatt MTA-plan (miljø,-transport og anleggsplan) som er et vilkår for byggestart, og anlegget har ikke blitt satt i drift før fristen gikk ut for mer enn to år siden. Selv om fristen ikke er overholdt, gjelder konsesjonen fortsatt. Konsesjonæren



kan søke om utsatt frist for idriftsettelse/ny konsesjon om de ønsker, men vi har ikke opplysninger som tilsier at det er aktivitet i dette prosjektet. Vi ber Statsforvalter å ta kontakt med tiltakshaver av prosjektet, Kvernevik Engineering AS. Kvernevik Engineering AS er inkludert i adresselisten, men vi kan ikke se at de har uttalt seg og ber de gjøre det.

Med hilsen

Hedvig Kristoffersen
Førstesekretær

Godkjent av Ann Myhrer Østenby
Seksjonssjef

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:

STATNETT SF
Olje- og energidepartementet
Kvernevik Engineering AS
LINJA AS

Fra: Østebø Gunnar Mån[]
Sendt: 14.02.2022 14:42:00
Til: sfvlpost@statsforvalteren.no[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Kopi: Jarandsen Bente[Bente.Jarandsen@npd.no];Husebø Kristin Reitan[Kristin.Reitan.Husebo@npd.no];Rundell Erik Nilsen[Erik.Rundell@npd.no];Nilsen Torhild S[Torhild.Nilsen@npd.no];Husebø Kristin Reitan[Kristin.Reitan.Husebo@npd.no];Sanchez-Borque Jorge[Jorge.Sanchez@npd.no];
Tittel: Høyring - Verneframlegget for Stad marine verneområde

Statsforvaltaren i Vestland
Deres ref.: 2019/12619
Vår ref.: 2022/37

HØRING – VERNEFRAMLEGGET FOR STAD MARINE VERNEOMRÅDE

Oljedirektoratet (OD) viser til brev av 9.2.22.

Vi har gjennomført en intern høring og her er vår merknad:

OD viser til Endelig råd til utforming av marin verneplan for beskyttede områder i Norge. Endelig tilråding med forslag til referanseområder. Rådgivende utvalg for marin verneplan 30. juni 2004, vedlegg 1, nest siste avsnitt:

Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet.
Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utsipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdier på havbunnen.

Med hilsen
Kristin Reitan Husebø e.f.
direktør

Gunnar Mån Østebø
rådgiver

Saksbehandler: Bente Jarandsen

From: Oljedirektoratet[postboks@npd.no]

Sent: 15.02.2022 07:54:27

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Subject: Svar på høring - Statsforvalteren i Vestland - Verneframlegget for Stad marine verneområde 22/37

Hei,

Vennligst se vedlagt dokument 😊

Med vennlig hilsen

Sigurd André Solberg Flørli

Kontorlærling

Tlf: +47 413 62 987

sigurd.florli@npd.no



Professor Olav Hanssens vei 10, Stavanger

Sentralbord: +47 51 87 60 00

www.npd.no

From: Smedstad, Ingrid[ingrid.smedstad@ra.no]
Sent: 23.02.2022 14:06:30
To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Cc: post@vlfk.no[post@vlfk.no]
Subject: Høyring av verneframlegg for Stad marine verneområde. Kulturmiljøverdiar
Vi viser til høyring av verneframlegg for Stad marine verneområde i medhald av § 39 i
naturmangfaldlova.
Forslaget gjeld marint vern på Stad i kommunane Stad og Kinn.
Fylkeskommunen, som også er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker.
Riksantikvaren viser til kulturmiljøforvaltninga i Vestland fylkeskommune og håndsamar derfor ikke
saka.

Vennleg helsing
Ingrid Smedstad

Seniorrådgiver
Seksjon for fredning og verneplaner
Kulturminneavdelingen
Riksantikvaren
Tlf.: +47 98202821
www.riksantikvaren.no





Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Marianne Bugge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/8635-2

To marine verneområde - Stad og Dalsfjorden

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærmere innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring.

Vedlegg:

- Kart planområdegrense Stad
- Kart planområdegrense Dalsfjorden
- Marint vern kring Stad – omtale
- Marint vern i Dalsfjorden – omtale
- Marine kulturminne – melding frå Bergen sjøfartsmuseum

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har meldt oppstart av arbeidet med å vurdere to område som marine verneområde, Stad og Dalsfjorden. Planområda inneheld mange fag- og interesseområde som fylkeskommunen har forvaltningsansvar for, t.d. kulturminne, akvakultur, reiseliv og friluftsliv.

2. Bakgrunn for saka

Fylkesmannen melde i brev av 03.11.2017 oppstart av verneprosess for to marine verneområde, Stad og Dalsfjorden. Oppstartsmeldinga er starten på ein prosess som skal resultere i konkrete verneframlegg.

Arbeidet med marint vern er forankra gjennom fleire stortingsmeldingar og handsaming i Stortinget. Varsel om verneplanarbeid for marine miljø kom først gjennom stortingsmelding nr 68 (1980-81) «Vern av norsk natur». I «Utredning DN nr. 1995» var Stad og Dalsfjorden med i ei liste over eigna marine verneområde. Eit nasjonalt, rådgjevande utval kom i 2004 med si endelege tilråding om område som skulle oppfylle nasjonale mål om vern av undersjøisk natur.

Stad – verneverdiar, føremål og verknader av vernet

Kandidatområdet kring Stad omfattar areal i Selje kommune, og er ein god representant for dei ekstremt eksponerte delane av kysten. Planområdet er på i alt ca. 114 km². Farvatnet er relativt grunt, og med særeigne bølgjetilhøve på noko av den mest vêrharde av kysten. Området utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, og størstedelen har ei djupne < 50 m, medan ytst er djupna kring 200 m.

Føremål

Å ta vare på eit representativt havområde på den ytre, eksponerte kysten, frå land til ope hav. Verneverdiane i området er knytt til botnen og botnorganismane, og den store spennvidda i djupnetilhøve, botntilhøve og eksponeringsgrad, som til saman gjev stor spennvidde i plante- og dyreliv. Verneverdiane er altså knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar.

Moglege verknader av eit vern

Restriksjonsnivå når det gjeld ulike aktivitetar skal utgreiaast nærmere i den vidare prosessen med utgangspunkt i tilrådingane frå "Rådgivende utvalg for marin verneplan". Eit vernevedtak vil føre til restriksjonar på tekniske inngrep i området som vert verna. Det gjeld tiltak som t.d. utfylling, byggjeaktivitet, mudring, deponering av masse, undervassprenging, kabellegging, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak i form av utfylling, bygging og kabellegging bør derimot kunne vurderast. Eventuelle utslepp av kjølevatn, eller anna som berre påverkar vassmassane, vil i dette området truleg ikkje vere så problematisk, då området har stor naturleg vassutskifting. Det er likevel viktig i den vidare prosessen å få drøfta kva inngrep som kan verte aktuelle i framtida, og kva som i tilfelle bør kunne tillatast. Det vert ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.

Tekniske inngrep som t.d. plassering av nye kaiar eller småbåthamner må skje med varsemd, og større tiltak bør som nemnt unngåast. Dersom rørleidningar og kablar må leggjast i området, bør det skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden vert minst mogleg.

Dalsfjorden – verneverdiar, føremål og verknader av vernet

Dalsfjorden er ein relativt smal fjord omgjeven av bratte skogkledde ryggar, utgrave av innlandsisen frå om lag 2,5 mill. år sidan. Planområdet er ca. 11,3 km² og ligg i Gauldal, Fjaler og Askvoll kommunar.

Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 m, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fossedalselva renn ut i fjorden her. Lenger inn i fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svesundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m (Osen er allereie verna som naturreservat). Området er lite påverka av utbygging og ureining. Fjorden er liten, og med fleire spesielle biologiske førekommstar (korallar, sjeldne brakkvassplantar, rike straumområde).

Føremål

Å ta vare på ein særegen, avskjerma fjord forma av innlandsisen si utgraving for om lag 2,5 millionar år sidan, med spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasttilførsel og artsrike hardbotnsamfunn, og eit (allereie verna) nasjonalt verdifullt estuarområde med sjeldsynte planteartar.

Moglege verknader av eit vern

Vern vil sannsynlegvis ha små negative konsekvensar for ulike brukarinteresser. Det er ikkje tenkt lagt restriksjonar på fiske i vass-søyla, dvs. med reiskap som ikkje slit på botnen.

Restriksjonsnivå når det gjeld ulike aktivitetar skal utgreiaast nærmere i den vidare prosessen. Eit vernevedtak vil føre til restriksjonar på tekniske inngrep i området som vert verna. Dette gjeld tiltak som utfylling, byggjeaktivitet, mudring, deponering av masse, undervassprenging, kabellegging, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak i form av utfylling, bygging og kabellegging bør derimot kunne vurderast. Eventuelle utslepp av kjølevatn, eller anna som påverkar dei fysiske eigenskapane og dynamikken til vassmassane, vil neppe kunne tillatast. Det er viktig i den vidare prosessen å få drøfta kva inngrep som kan verte aktuelle i framtida, og kva som i tilfelle bør kunne tillatast. Det vert ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.

Tekniske inngrep som t.d. plassering av nye kaiar eller småbåthamner må skje med varsemd, og større tiltak bør som nemnt unngåast. Dersom rørleidningar og kablar må leggjast i

området, bør det skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden vert minst mogleg.


Avgrensing og privat eigedom

Det vert vist til vedlagte kart for avgrensing. Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert, dvs. slik at marine verneområde og andre område verna etter naturmangfaldlova grenser til kvarandre.

Utanom dei tilfella føreslår fylkesmannen at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn (dvs. marbakken, to meters djup). Med bakgrunn i dette, er det heller ikkje sendt brev direkte til alle eigedommar som grensar til kandidatområdet, berre dei med eigedomar i eksisterande verneområde.

Prosess

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som er ansvarleg for å utarbeide verneframlegget og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet. Saksgangen er slik:



3. Vurderingar og konsekvensar

Det skal utarbeidast forvaltningsplanar for verneområda, desse vil omtale tiltak for å fremje føremålet med vernet, og konkretisere korleis verneforskrifta og eventuelt andre juridiske verkemiddel skal praktiserast. For Dalsfjorden er det trekt fram at viktige tema venteteg vil vere betre kartlegging av fjordbotnen, for å få oversikt over utbreiinga av dei mest interessante hardbotnsamfunna, og andre artssamfunn og botnmiljø som fortener spesielle omsyn.

For det marine verneområdet ved Stad føreligg det grunnkart, det er også tilgjengelege videotransekt som kan nyttast for vidare granskingar og kartlegging. Vi vil sterkt oppmøde miljøforvaltinga å nyttiggjere seg denne informasjonen for å auke kunnskapen om området.

I og med at arbeidet er i oppstartsfasen av ein verneprosess, vil vårt viktigaste innspel vere å opplyse om dei interesser fylkeskommunen representerer og som kan verte påverka av ein verneplan.

Kulturminne

I omtalane av dei to føreslegne verneområda er ein del kulturminne på land utanfor vernesona omtala. Når det gjeld området i Dalsfjorden, er det to bygningar som er freda i medhald av Lov om kulturminne som ligg like utover grensa til det føreslegne verneområdet. Dette er hovudhuset på garden Sveen og hovudhuset på Osen, begge inst i Dalsfjorden. På begge gardane er det i tillegg fleire verneverdig bygningar. Då begge desse husa vart freda i 1923, omfattar fredinga berre desse to bygningane. Dei øvrige bygningane og kulturlandskapet rundt var ikkje omfatta av fredinga. I dag er ein innan kulturminnevernet oppteken av å bevare heilskapen mellom dei ulike kulturminna og kulturlandskapet. Fjorden som ferdsleveg var viktig for livet ved fjordane, og ein

vesentleg del av kulturlandskapet rundt dei to freda bygningane. Eit vern av fjorden vil såleis etter fylkesrådmannen si vurdering vere positivt for bevaringa av kulturlandskapet knytt til dei freda husa på Sveen og Osen.

Planavgrensinga går i sjø og marine kulturminne vert omfatta av planen. Saka vart sendt vidare til Bergen sjøfartsmuseum for uttale. Museet kjenner til marine kulturminne innanfor begge dei to aktuelle verneområda. Dei stiller seg positive til forslaget om marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljøa i områda.

Då dei føreslårte verneforskriftene ikkje hindrar alle tiltak i områda blir det fortsatt aktuelt for museet å utføre registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak. Vi viser til vedlagt brev frå museet.

Akvakultur, inkludert skjelanlegg

I det utvida marine verneområdet i Dalsfjorden er det gitt løyve til to akvakulturanlegg for dyrking av blåskjel. Sjølv om desse anlegga ikkje er i drift per i dag, må ikkje ein verneplan hindre ny verksemd på desse lokalitetane. Verneplanen må også ta høgde for ev. etablering av landbaserte akvakulturanlegg, og diskutere kva som kan aksepterast av utslepp frå slike anlegg.

Friluftsliv

Stadtlandet er eit viktig friluftsområde. Av dei som er knytt til sjø og direkte til verneframlegget er Hoddevika og Ervika nemnde i omtalen av Stadt. I fylkesatlas er også Honningsvågen og Tungevågen registrerte som lokalt viktige friluftsområde. Slik vi oppfattar verneframlegget vil det ikkje vere til hinder for eksisterande bruk av området til friluftsliv.

Reiseliv

Det er ei viss marknadsføring av friluftsliv knytt til det verna Gaulavassdraget, og i Osen naturreservat er eit lokalt viktig friluftsområde (bading). Det går ein nasjonal turistveg over Gaularfjellet. Stad har lenge vore og er eit viktig område for reiseliv i fylket og har eit vidare potensiale. Marine verneplanar i desse områda vil ikkje truge desse interessene. Det vil heller vere slik at marine verneområde vil kunne styrke sjø og fjord og områda kring som turistmål. Vi vil likevel understreke at det er eit poeng at det framleis vil kunne vere mogleg å leggje til rette nødvendig og føremålstenleg infrastruktur, og at det ikkje vert lagt restriksjonar på eksisterande og potensiell bruk av område i samanheng med reiseliv.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning (2015) omfattar både fjord og sjøområde, og begge verneframlegga er såleis omfatta av planen. Verneområdet omfattar delar av 3 vassførekommstar, Sildgapet, Stadt – Runde og Vanylvgapet, alle har god økologisk tilstand. Verneframlegg Dalsfjorden er del av vassførekost Dalsfjorden. Også denne har i dag status god økologisk tilstand. Eit marint verneområde som vernar om biologisk mangfold i havet vil styrke målet i regional plan for vassforvaltning om minst god økologisk tilstand i vassførekostane. Eventuelle restriksjonar knytt til verneområdet, med mål om å ta vare på og ev. betre den økologiske til-stand til plante- og dyrelivet i havet/fjorden, må leggje Regional plan for vassforvaltning til grunn i den vidare vernegrensessen. I vassforvaltningsplanen er det i dag ingen tiltak skissert for å betre den økologisk tilstanden knytt til dei aktuelle vassførekommstane for marint vern. Planen skal reviderast innan 2021.

4. Konklusjon

Vern av dei marine områda Stad og Dalsfjorden vil medføra restriksjonar på bruk og tilrettelegging for ulik aktivitetar innafor vernegrensene. Vårt viktigaste innspeil vil i denne fasen vere at det vert opplyst best mogleg om dei fagområda fylkeskommunen representerer, og som kan verte påverka av ein verneplan.

Det er i prosessen vidare viktig å ta omsyn til eksisterande næring, reiseliv og friluftsliv. Fylkeskommunen legg til grunn at det framleis vil vera mogleg med ei viss utvikling og tilrettelegging

av nødvendig infrastruktur innanfor desse områda. Eit vern kan auka interessa og attraktiviteten for eit område som turistmål, og dette må det takast omsyn til.

Vi viser til regionale planar og strategiar for fylkeskommunen sine ansvarsområde, som del av grunnlaget for arbeidet. Det er viktig å syta for at eit best mogleg kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn for føringar og vurderingar innafor verneområda. Vidare er det viktig med ein brei og god medverknadsprosess for å få fram ulike interesser, og for å sikra ei best mogleg integrering av verneplanen. Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande, og vil gi meir inngåande innspel knytt til sine ansvarsområda når utkast til verneplan ligg føre.



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref:
Sak: 22/916 JpID: 22/15707 Sbh: HMU

Dykker ref.
d06916cc-4b36-4eae-9402-27c64c091211

Dato:
13.05.2022

Uttale frå Stad kommune til Stad marine verneområde

Sak om uttale til Stad marine verneområde har vore til politisk handsaming i Stad kommunestyre-22/068, i møte 12.05.2022. Følgande uttale er vedteken:

Vern av Stad marine verneområde:

Statsforvaltaren sitt høringsforslag om vern av Stad marine verneområde er ei utviding av det verneområdet som opphaveleg vart foreslått då Statsforvaltaren gjekk i gang med arbeidet i 2017. Initiativet for utvidinga kom frå lokalt hold, og Statsforvaltaren trekk fram verdien av godt samarbeid med tidlegare Selje kommune og sterkt lokalt engasjement. Statsforvaltaren peiker på Stad kommune i nasjonale samanhengar, og seier at det er heilt unikt i nasjonal samanheng at både lokalmiljøet og kommunen ønskjer ei utviding av vernet. Utvidinga er gjort i den sørlege delen av verneområdet, grunna store verdiar i stortareskogen også i dette områder. Supplerande kartleggingar har også vist nye korallfunn innanfor utvidinga.

Kommunen stiller seg positiv til utvidinga i verneforslaget, og har følgande innspel til sjølve vernet:

Vi gjer merksame på at utvidinga av verneområde gjer at reketrålfeltet i Sildagapet no kjem inn under verneformålet. Vi føreset at fiskarane sine organisasjonar er høringspart for verneframleggjett og har høve til å kome med merknadar til dette.

Forskrifta opnar for taretråling innanfor verneområdet aust for Stålet, medan anna botntråling ikkje er tillate innanfor dette området. Taretråling kan vere like øydeleggande som botntråling, og kommunen stiller spørsmål ved grunngjevinga for at den eine aktiviteten er tillate, medan den andre er forbode. Området aust for Stålet er dårlegare kartlagt enn andre område innafor det føreslegne verneområdet, og kommunen ber derfor om at det bør gjennomførast ei betre kartlegging av det marine mangfaldet aust for Stålet. **Vi ønskjer difor at området aust for Stålet skal få same vern som området vest for Stålet. Dvs. ha forbod mot hausting av stortare.**

Innspel til forslag til verneforskrift:

I § 2 i forskrifta står det at det marine verneområde grenser til land langs *djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der det marine verneområdet grensar til naturreservat på land, der også landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert*. Det står ikkje noko i sjølve forskrifta om at grensa mot land er unntatt fiskerihamnene. Dette kan med fordel presiserast i forskriftsteksten for å unngå misforståingar, sjølv om det kjem fram av detaljkartet som er vedlagt høyringa.

I § 3c) i forskrifta står det at *Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (...) utføring av avløpsvatn og andre koncentrerte tilførsler av ureining*. Det er viktig at denne føresegna ikkje blir til hinder for etablering av nye avløp som er godkjend etter anna lovverk.

Stad kommune foreslår at det under § 4 leggast inn ein setning om at vernereglane i § 3 likevel ikkje er til hinder for utslepp av reinska kloakk i nye og eksisterande leidningar etter gjeldande lovverk (ureiningslova) i samsvar med andre lover og forskrifter.

Det kjem fram av forskrifta § 4 c) at hausting av stortare skal førekomme vest for Stålet. Stad kommune meiner at same forbod må gjerast gjeldande i området aust for Stålet. Lokalisering av Stålet kjem ikkje fram av karta som er vedlagt høyringa, og må markerast på oversiktskartet.

Stad kommune foreslår òg å ta inn under § 4 at vernereglane ikkje skal vere til hinder for vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust og utanfor fiskerihamnene.

I § 5 bør det tas inn at forvalningsstyresmakta etter søknad kan gje dispensasjon til mindre uttak av sand til eige bruk for grunneigarar.

I § 6 i forskrifta er det ei opning for generelle dispensasjonsreglar. Kommunen forutset at denne føresegna må ivareta eventualitetar som ikkje er tenkt på eller oppfunne når vernet blir oppretta. Til dømes vil eit bølgjekraftverk som ikkje krev installasjonar på sjøbotnen (og andre tema som ikkje er nemnt i § 5 under spesifiserte dispensasjonsreglar) som ikkje stirr mot verneformålet, komme inn under § 6.

Forvaltningsansvar

I § 9 i forskrifta står det at Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvalningsstyresmakta etter denne forskrifta.

I dag er det Statsforvaltaren i Vestland som har forvalningsstyresmakt for verneområda i kommunen. Stad kommune kan be om å få overta forvaltningsansvaret for verneområda, då kan Miljødirektoratet delegere alle verneområde som ligg innafor kommunen samla. Dette kjem fram av brev frå Miljødirektoratet den 27.11.2019, der dei informerer om at tilbodet om delegering av forvaltningsansvar til kommunane er gitt under føresetnad om at kommunen overtar ansvaret for alle verneområde som i sin heilskap ligg innafor kommunen.

I 2020 blei det vedteke at *arbeidsoppgåvene i dei åtte verneområda i Stad kommune er for store til at kommunen har kapasitet til å overta forvaltningsansvaret for desse naturreservata på noverande tidspunkt om det ikkje opprettast ei ny stilling til å gjennomføre arbeidet. Vidare vart det sagt at ei ny vurdering bør takast når fylkesmannen har gjennomført tiltak som å ferdigstille forvaltningsplanane, fjerne grana i Åsane og Lindvik naturreservat, samt eventuelle andre større tiltak* (sjå sak KS- 20/065).

Det ligg framleis ikkje føre ferdige forvaltningsplanar for nokon av desse åtte verneområda. Fire av verneområda i kommunen er lokalisert på Stadlandet: landskapsvernombjørga for myr (Sandvikseidet naturreservat og Dekkjene naturreservat), våtmark (Tungevåg naturreservat) og sjøfugl (Høgfjellet naturreservat).

Landskapet på Stadlandet har fleire verdiar i tillegg til naturreservata; i Ervika er Dalsbøvassdraget verna etter verneplan for vassdrag og her finn vi ein av få elver i Vestland med den kritisk truga arten elvemusling. Delar av Stadlandet er utvalde kulturlandskap i jordbruksplanen (UKL) som frå 2020 er forvalta av kommunen. Nyleg har Riksantikvaren og fylket starta arbeidet med å legge Stadlandet inn

i eit landsomfattande register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA).

Stad kommune vedtok 31.03.2022 å utarbeide retningsliner for bruk av kompensasjonsmidlar frå Okla Vindpark for Stadlandet (sjå sak KS- 22/039). I saksutgreiinga er utarbeidning av ein forvaltningsplan for Stadlandet eit viktig element for god forvaltning av kompensasjonsmidlane.

I tillegg har Miljødirektoratet hausten 2021 spelt inn seks område på Stadlandet som kan bli foreslått som supplerande vern. Formålet med supplerande vern er å foreslå områder som inneholder natur som vi har verna for lite av til å oppnå målet om eit representativt vern. Dei vurderer at store deler av Stadlandet er interessante områder i naturfagleg samanheng. Statsforvaltaren i Vestland har ansvar for dette på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Det er altså mykje som skjer på Stadlandet når det gjeld verneverdiar og anna forvaltning av landskapet, både til sjøs og på land. Kommunen ser eit behov for å samordne forvaltninga av verneområda i kommunen, og spesielt Stadlandet, for å sikre ei heilsakleg forvaltning. Det er også ønske om å samarbeide med Statsforvaltaren om ein forvaltningsplan for heile Stadlandet.

Dersom kommunen skal vurdere å ha forvaltningsstyrekomitea for Stad marine verneområde og for dei andre verneområda i kommunen, er vi avhengig av å få løvd midlar til å opprette ei stilling som kan jobbe med vern og forvaltning av verneområda i kommunen.

Konklusjonen til kommunen er framleis den same som i 2020 (sak KS 20/065), der vedtaket seier at kommunen ikkje har kapasitet til å overta forvaltningsansvaret. Eit alternativ kan vere at kommunen søker Miljødirektoratet om midlar til å opprette ei ny stilling for å forvalte verneområda. Det kan i så fall kan vere snakk om ei stilling som er plassert lokalt, men tilsett regionalt for å forvalte verneområda i Stad kommune. Dette må det i så fall søkast om etter eit eventuelt vernevedtak for marint vern (og etter eventuelle andre vernevedtak i kommunen).

Med venleg helsing

Hanne Marie Utvær
rådgjevar lokal samfunnsutvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 22/15707 dersom du tek kontakt med oss.

Vedlegg:

Uttale frå Stad kommune til Stad marine verneområde	1488688	13.05.2022
Innspel til høyring Stad marine verneområde	1495369	13.05.2022
Marine verneområde innspel Stad kommune	1496491	13.05.2022
Innspel til Stad kommune marin verneplan Stad	1496490	13.05.2022



Arkiv: FE-025, FA-K12, TI-
&13
JournalpostID: 22/9996
Saksbehandlar: Marte Sofie Søreide,
LAND
Dato: 22.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/054	Utval for areal og eigedom	03.05.2022
22/039	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	03.05.2022
22/055	Stad formannskap	06.05.2022
22/068	Stad kommunestyre	12.05.2022

Uttale frå Stad kommune til Stad marine verneområde

Bakgrunn for saka:

Statsforvaltaren i Vestland sender på offentleg høyring eit framlegg til Stad marine verneområde.

Statsforvaltaren starta opp arbeidet med verneplanprosessen i 2017 på oppdrag frå

Miljødirektoratet. Kommunen har vore involvert i prosessen sidan 2017 (saka blei overtatt frå Selje kommune i 2020), og Stad kommune ønskjer no å kome med innspel til [høyringa](#).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune sender innspel til verneforskrift for Stad marine verneområde slik det kjem fram av saksutgreiinga med vurdering.

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 06.05.2022

• Vern av Stad marine verneområde:

Statsforvaltaren sitt høyringsforslag om vern av Stad marine verneområde er ei utviding av det verneområdet som opphaveleg vart foreslått då Statsforvaltaren gjekk i gang med arbeidet i 2017. Initiativet for utvidinga kom frå lokalt hold, og Statsforvaltaren trekk fram verdien av godt samarbeid med tidlegare Selje kommune og sterkt lokalt engasjement. Statsforvaltaren peiker på Stad kommune i nasjonale samanhengar, og seier at det er heilt unikt i nasjonal samanheng at både lokalmiljøet og kommunen ønskjer ei utviding av vernet. Utvidinga er gjort i den sørlege delen av verneområdet, grunna store verdiar i stortareskogen også i dette området. Supplerande kartleggingar har også vist nye korallfunn innanfor utvidinga.

